

# PATHE-PLADER



## VIGTIG UNDERRETNING:

- 1) Ved Bruzens/PATHE-PLADER undgaar man Ulempen ved at bytte Sift, hvilket er nødvendigt for andre Plader.
- 2) PATHE-PLADERNE bør kun spilles med Pathe's specielle Lyddase, der er forsynet med uopsidelig Saphirsift.
- 3) I Modsatning til de gamle Plader



- spilles PATHE-PLADERNE fra Midten og ideoer.
- 4) PATHE-PLADER bør gaa med en Hastighed af 90 a 100 Omdrejninger i Minutet.
  - 5) PATHE PLADERNE kan benyttes paa alle Phonsapparater ved at anskaffe PATHE-LYDDASE.





## HALLDOR MELAND

Halldor Torsteinson Meland vart fødd på garden Meland på austsida av Sørfjorden, jonsokaftan 1884. Felespel var jamleg å høyra då han vaks opp, og allereie i barndomen hadde han ei sterk interesse for dette. I starten lærde han slåttar hjå ulike lokale spelemenn, men den fyrste verkelege læremeisteren hans var Ola Mosafinn frå Voss, som Meland kom i kontakt med som elev ved Voss Folkehøgskule åra 1900–01 og 1904–05. Ein annan viktig læremeister var telemarkingens Torkjell Haugerud. Meland sette spelet i Telemark, og særleg Haugerud sitt, svært høgt, og henta her mykje inspirasjon til sitt eige arbeid med slåttematerialet i Hardanger. Hjå Haugerud fekk Meland også læra slåttar som Myllarguten hadde hatt med seg til Telemark frå Hardanger, og kunne slik føra desse attende til hardangerrepertoaret.

Halldor Meland har sett store spor etter seg ved å bygga ut og forma om eldre slåttar. Slik meinte han sjølv at han lyfta slåttane og henta attende til tradisjonen kvalitetar som hadde gått tapt. Kor mykje han endra på slåttane varierte, nokre gonger kunne han laga heilt nye motiv og vek som han sette saman med slåttar og småstubbar han hadde tileigna seg. Dei viktigaste kjeldene hans i denne samanhengen var Jon Isberg og Sjur Håstabø. Meland stod også for fleire heilt nye slåttekomposisjonar, som sidan har vorte ein del av tradisjonen.



Meland var dyktig teknisk, noko fleire av komposisjonane hans også vitnar om, og han hadde eit spel som ofte gjorde inntrykk på dei som hørde det. Han var den fyrste spelemannen frå Hardanger som heldt konsertar. Han reiste på mange spelferder i store deler av landet, og spelte også konsertar i Sverige og Danmark. Mellom spelferdene heldt han til på Meland, der han var oppvaksen, fram til han i 1927 gifta seg og flytta til Valland i Kvam. Her hadde kona Kristi, som var kunstvevar, kjøpt eit lite småbruk, som dei to dreiv ved sidan av at dei begge verka som kunstnarar og underviste på kvar sine felt. Spelferdene vart sjeldnare etter at han gifta seg, men fela var nok ein like stor del av livet som før. Ikkje minst fekk Meland mykje å seia som læremeister, han var den viktigaste tradisjonsberaren for ein heil generasjon av yngre spelemenn i Hardanger. Av elevane hans er Anders Kjerland frå Granvin den som har vorte mest kjend, og som framfor nokon har ført spelet etter Meland vidare.

Halldor Meland vart utnemnd til heiderslagsmedlem i Hardanger Spelemannslag i 1949, og i Landslaget for Spelemenn i 1953. Under Landskappleiken i Odda i 1962 vart han tildelt Kongens fortjenestemedalje i gull. Han døydd 25. desember 1972. For ettertida står han att som ein svært viktig stilskapar i hardangertradisjonen.

Johanna Mjeldheim  
Hardanger Folkemusikksamling

**HALLDOR MELAND**, hardingfele. Innspelt i 1911 og 1915.

1. GANGAR FRA HARDANGER, af Haastadböen
2. SPRINGDANS FRA HARDANGER, af Meland
3. DEN FRILUNDE RHEINLÆNDER, af Hans Gjeitvik
4. GANGAR FRA TELEMARKE
5. SIKLEBÆKKEN, af Möllargutten
6. FARVEL FRA HEIMEN, af Meland
7. BJÖLLESLAATTEN (Brudeslaat), af Ola Mossefin
8. DEI TRI BUDEIERNE PAA VIKEFJELD, af Sjur Helgeland
9. LIAGANGAREN (Brudeslaat fra Telemarken)
10. SANDSDALEN (Springdans)
11. SÆVLIDGUTEN (Halling)
12. FANITULLEN (Et Mandedrab i Hallingdal)
13. HULDREJENTENS LOKKETONER (Høifjeldsstemming)
14. MØLLARGUTENS SIDSTE MINDE (Springdans)
15. BRUDESLAAT FRA HARDANGER



Hardanger Folkemusikksamling har ei stor samling av eldre plater. I samlinga er m.a. dei tidlegaste innspelingane Halldor Meland gjorde for Farre og Gramophone. Det har lenge vore eit ønske at publikum skal få høyre desse opptaka.

Platene er digitalisert hjå lydlaboratoriet ved Nasjonalbiblioteket, Mo i Rana, ved Sigbert Fryxell og Thomas Bårdsen.

Etterarbeid og mastering ved Strype Audio, Audun Strype.

Vi har valgt å bruke dei originale slåtte-titlane slik dei står oppført på platene frå 1915 og 1911.

Kutt nr 1 – 8 er innspelt for Gramophone Co. i 1915. Kutt nr 9 – 15 er innspelt for Farre (Pathé) i 1911.

Platene som er brukt på denne utgjevinga er i eige hjå Hardanger Folkemusikksamling og Helge Kvandal.

Produsentar: Frank H. Rolland og Knut Hamre  
Alle foto: Hardanger folkemuseum  
Grafisk formgjeving: Eva Karlsson

Økonomisk støtte: Hardanger Spelemannslag, Hardanger Historielag, Kvemmingen spel- og dansarlag, Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

# PATHE-PLADE



## VIGTIG UNDERRETNING:

- 1) Ved Bruzen af PATHÉ-PLADER undgaar man Ulempen ved at bytte Sift, hvilket er nødvendigt for andre Plader.
- 2) PATHÉ-PLADERNE bør kun spilles med Pathe's specielle Lyddase, der er forsynet med uopsidelig Saphirsift.
- 3) I Modsetning til de gamle Plader



- spilles PATHÉ-PLADERNE fra Midten og udefor.
- 4) PATHÉ-PLADERNE bør gaa med en Rotigheds af 90 a 100 Omdrejninger i Minutet.
- 5) PATHÉ PLADERNE kan benyttes paa alle Phonsapparatet ved at anskaffe PATHÉ-LYDDASE.

